

**Rask utrykning begrensa brann**

23.06.2010

**Klokka 01.44 natt til i dag fekk politiet melding om ein brann i eit bustadhus i nærleiken av Eidsvik Skipsbyggeri. Branntroppen rykka raskt ut og klokka 02.17 vart det meldt at brannen var under kontroll.**

**Brannen starta i kjellaren og brann- og vannskadar vart begrensa til eitt rom ,opplyser brannmeister Kjell Tungesvik til uskedalen.no Men det er røykskader ellers i huset.**

**Han som meldte frå om brannen opplyste at han freista å slokka med eit pulverapparat og at alle i huset var evakuert.**

Det var eit sambuarpar og eit lite barn i huset då brannen starta.

Då brannvesen og politi kom til staden var han som melde brannen borte, men han kom køyrande dit etter stutt tid og han er mistenkt for å ha vore rusa, opplyser operasjonsleiar Bjarne Flokenes i Hordaland politidistrikt til innsida.no.

Politiet vil difor opprette to saker etter brannen.

Huset er no avsperra for vidare etterforskning.